

ALVER KOMMUNE
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Dato	22.06.2022
Vår referanse	2022/16314-6
Dykkar referanse	
Sakshandsamar	Lillian Bakke Byrknes
E-post	Lillian.Bakke.Byrknes@vlfk.no
Telefon	45638702

Merknad til vedteken reguleringsplan - Fossesjøen - gnr. 325 bnr. 161 m.fl. - planid 125620150004 - Alver kommune

Vestland fylkeskommune, ved avdeling for infrastruktur og veg, viser til kunngjering av vedteken reguleringsplan for Fossesjøen gnr. 325 bnr. 161 m.fl.

Vi vil også vise til brev frå Alver kommune datert 10.02.22 med tittel «Vedkommande Va-rammeplan til vurdering – detaljregulering for Fossesjøen». Grunna formuleringar i dette brevet så tolka vi at dette var eit orienteringsskriv eller mangelskriv om VA-rammeplanen for reguleringsplanen for Fossesjøen. Difor skreiv ikkje vår avdeling uttale til denne, då vi tenkte det kom ein ferdig VA plan som vi eventuelt vart bede om å skrive uttale til.

No er reguleringsplanen for Fossesjøen vedteken og vi vil komme med ein merknad kring VA-planen.

Brevet til Alver datert 10.02.22 poengterer; «Avrenning mot FV må truleg fangast opp og førast til sjø i rør under Fv. vegen. Dette må gjerast i dialog med Vestland fylkeskommune. Slik at en får tilrettelagt dette i samband med arbeidet med Fv.245 Fosse-Moldekleiv.»

Vestland fylkeskommune er i gong med prosjektering av eigen plan Fosse – Moldekleiv med planid 125620160012, som reguleringsplanen for Fossesjøen grensar til. Vi har ikkje sett VA-planen som høyrer for Fossesjøen og veit difor ikkje kor mykje ekstra overvatn som kan renne ned mot/over/under fylkesveg 5310. Det er heller ikkje teken kontakt med Vestland fylkeskommune slik som kommunen bad om.

Vi ber difor om at utbygger/forslagsstillar av Fossesjøen tek direkte kontakt med byggeleiar Ketil Mikkelsen som kan nåast på Ketil.Mikkelsen@vlfk.no for å avklare forhold rundt overvasshandtering og eventuelle andre problemstillingar knytt til dette.

Med helsing

Kari Elster Moen
senioringeniør
INV - Forvaltning Bergensområdet

Lillian Bakke Byrknes
rådgjevar
INV - Forvaltning Bergensområdet

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift